

011302

Innberetning v/ Ø. Kristiansen	22/12-82
<small>innberetningsdato</small>	
Eide	gnr. 76 bnr. 2 fk.nr.
<small>gardsnavn</small>	
Gloppen	Sogn og Fjordane
<small>kommune</small>	<small>fylke</small>
Kåre Flølo	6860 Sandane
<small>eier/bruker</small>	<small>postnummer/adresse</small>
Ang. Utgraving, hellekiste under flat mark	8/6-12/6-82
<small>dato</small>	

Medverkande:

Siv Kristoffersen
 Ann Stout
 Morten Børstein
 Ørn Kristiansen

Arbeidsrutine:

Ann tok sv/kv-bilda, medan Siv og Ørn teikna skisser (hovudtyngda her fall på Siv). Ørn tok fargefotos. Nivelleringa gjekk på omgang slik at alle fekk prøva seg. Elles så vart det ei hektisk utgraving. Det dukka opp uventa mykje dei to siste dagane, då området vart utvida med sjakt innover platået og sidan Grav II i enden av denne sjakta.

Utgravingsområdet:

Området for utgravinga låg på ei moreneflate om lag 250 x 150 m i storleik (grovt rekna). Nedanfor på sørsida av flata går ein gamal ferdslevog mellom Sør-Eide og Vassenden, og på nordsida av flata går den gamle vegen frå Sandane over Hona til Vassenden. NO for feltet ligg fleire langhaugar. Utgravingsstaden låg midt i eit nydyrkingsfelt og var til dels mykje omrota, då Brøyt 2x og andre maskiner hadde vore i bruk til fjerning av trerøter og steinar samt til jordvending. Etter det som kom fram av funn på den eine veka me hadde til disposisjon må ein rekna med at området er rikt på fornminne også utover det me fekk undersøkt. Langhaugane på den andre sida av moreneflata styrker dette bildet. I tillegg til lausfunn dukka det opp fleire interessante ting. Me kom over både kokegrop, branngrop (4 posar brente bein), brannflak?, nedskjæringar o.s.v. Tidsramma kan også bli artig her med høve til kontinuitet, noko keramikkskår frå eldre jernalder kan tyda på.

Begrepsklargjering:

"GRAV" I: er det første området som vart utgravd. Om lag 6 x 5 m² utpå brinkkanten.

Sjakta er ei utviding innover brinken i NO-retning, ca. 0,75 m i breidde - som me grov ut då me ville ha gjennomskore ei steinsamling om lag 4 m i luftline frå grav I.

"GRAV" II: er denne steinsamlinga og området rundt. Me utvida nemleg sjakta i indste enden og grov ut om lag 3 x 3 m².

Kommentar til skissene:

"GRAV" I:

- 1) Før utgraving, men den første avtørving og oppreinsking er gjort.
- 2) (2a. Skisse av kokegrop, 2b. Lag 3, Grav I). Det same området. Liggane helle er fjerna og kokegrop og kolgrop er kome fram. Dei tydlegaste omrota områda er markert, elles var den høgreste hella og steinane rundt omrota. Sjakta er stipla inn.
- 3) Sjølve kolgropa - som viste seg å innehalde brente bein nok til å fylle 4 posar. Funnstad ca. 80 cm under noverande bakkenivå. Storleik på gropa ca. 0,60 x 0,80 m.

SJAKTA:

- 4) Syner korleis steinsamlinga låg i sjakta. 2 steinar var synlege frå byrjinga av.

"GRAV" II:

- 5) Utvida området ved enden av sjakta for å finna utstrekning av steinsamlinga.
- 6) Her er me i lag 2 og steinar er fjerna.
- 7) Lag 3. Funna er greie nok, men nummerrekkefølga stemmer ikkje med innleverte nummer.
- 8) Heile "Grav" II er borte, medan brannflak er kome tilsyne.

I tillegg til skisser er dei første funna teikna inn på målpapirark. Dette for å få spreininga, eller sentreringa. Slik som funna framkom i området er nok flata "full av" lausfunn mellom "gravene" (rester av gravene), noko maskinomrotinga må ta mykje av skulda for.

Fixpunkt:

Fixpunkt er ikkje tatt ut frå noko fast punkt i området, men tatt heilt internt. Dette pkt. låg fast på 132/133. Avstander i djupn er ikkje rekna ut i cm, men di høgare verdi, dessto djupare ned.

Utgravinga, "GRAV" I:

Før utgravinga var ei høgreist helle samt ein ansamling stein fint lagt opp ved foten av hella, synleg. Vi fikk med ein gong inntrykk av at gravemaskinføraren hadde lagt steinane fint opp framfor hella. Vi måtte byrja meir eller mindre vilkårleg, sidan det heile var omrota og ingenting kunne indikera noko opprinneleg retning på grava. Vi reinska opp eit område på $5 \times 3 \text{ m}^2$, og i øvste sjikt var det omrota over det heile. I utkanten av graveområdet kom vi over ei liggande helle, 2 m lang og om lag 0,75 m i bredde, orientert N-S. Dermed utvida vi området rundt "grav" I til 5,5 m x 5 m.

I sørlege delen av utgravingsfeltet låg ei enorm trerot med store og mange røter og omklamra enden av hella. Denne måtte fjernast med motorsag. Etter å ha grave ca. 25 cm nedover, kunne feltet rundt "grav" I delast i to.

Den vestlege delen - innbefatta kantstilt helle - var omrota område, medan den sørlege og austlege delen var "urørt". Den kantstilte hella vart ståande på ende etter at grafsa på Brøyt'en fekk tak og "kvelva" den opp. Den andre enden vart pressa ned og lågaste punktet vart nivellert til 241, - nesten 1 m under nåverande overflate.

Den omrota delen var så mykje omrota at lysgul/orangefarga aur fantest heilt oppe i dagen, medan neverbiter, torv og tytebærblad var å finne i botnnivå. Vi prøvde på flategraving slik at laga kunne følgjast nedover, fjerna steinar frå grava etterkvart som dei vart "frigjorte".

Det som vanskeleggjorde flategraving, var at nokre stader var nivået under kistenivå (fjerna masser) - det var m.a.o. vanskeleg å få heilskap i gravinga. Dessutan mangla hellekista heilt.

Lagdeling:

Lag 1. Lyst, brunt og relativt porøst lag ca. 15-20 cm i tjukkeleik. Inneheldt små runde steinar.

Lag 2. Brun/grått lag, ganske kompakt med mykje småstein, 20-25 cm tjukt.

Lag 3. Eit 2-4 cm lyst, gult sandlag, svært lett å grave i.

Lag 4. Aur, orangegul med mykje smårunde steinar.

Lag 5. Grøngrå aur som kjem under den orangegule auren.

I den omrota delen har grabben vore så djupt ned som til lag 4 og 5. I lag 1. er det ein del lausfunn i "Grav" I-området. Her ligg dei øvste om lag 20 cm under nåverande bakkenivå.

Den liggande hella låg ganske høgt oppe. Funn av brente bein frå under hella hadde nivellement 176. I lag 2 er det dei interessante tinga dukkar opp. Særleg då i området 0 for liggande helle (skisse 2b), dvs. litt lenger inn på brinken.

Kokegrop:

Ei kokegrop dukka opp ca. 60 cm 0 for kantstilt helle. Ho vart målt (skisse 2a) opp, teikna inn og gjennomskore. Ei kolprøve vart også tatt derfrå. Tjukna i gropa var ca. 10 cm - med botnnivå nivellert til 204. Gropa inneheldt ein jarnbit og ei rekkje skjørbrente småsteinar, samt store kolbitar.

Askegrå plett:

S for kokegropa dukka det opp i same nivå ein avgrensa askegrå plett, ca. 10 cm djupt og liggande oppå aur (lag 4). Laget var om lag 1 m langt og 0,60 m i breidde. Øvste nivellement var 203 og botnnivå 212. Ein legg merke til at dette laget ligg djupare enn kokegropa.

Dette askegrå laget utmerka seg frå ikringliggende område på sjølve fargen, men også avdi det ikkje fantes steinar i det. Dessutan var det spetta med store kolbitar og kolfragment. Det vart tatt jordprøve av laget.

Branngrop:

Sør for den askegrå pletten og like kant i kant med den dukka omrisset av eit mørkare jordsmonn opp, eit mørkt kolspetta lag. Denne litt ovale gropa fulgte vi nedover etter at vi hadde fått flategrave området ned til lag 4 (aur). Nivellementet på overgang til lag 4 låg på om lag 213-315. Denne ovale branngropa var 58 cm x 45 cm og oppe i sidene vart det fjerna to kantstilte flate småheller. Lenger nede i sjølve gropa låg det ei lita dekkhelle (41 cm x 24 cm).

Beinrestar store og små vart det funne før denne dekkhella kom tilsyne, men under han låg den største samlinga av bein. Utstrekninga av beina gjekk over 30 cm lengde nede i gropa og 16 cm breidde. Botn-nivellementet var 232. Branngrova skar seg gjennom lag 4 og ned til lag 5.

Sjakta:

Sjakta vart lagt i nordaustleg retning innover flata og enda opp 4,80 m frå den austlege kanten av kantstilt helle. Omtrentleg breidde var 0,75 m heile vegen, og ho vart anlagt:

- 1) for å sjå om området var mykje omrota andre stader også;
- 2) for å sjå om jordsmonnet endra seg, - aktivitetar andre stader enn i "Grav" I-området;
- 3) for om kanskje å gjera fleire funn - som kunne verka med til å få undersøkt meir av området seinare;
- 4) til sist - og ikkje minst ville vi med sjakta gjennomskjera ei steinsamling ("Grav" II) ca. 4 m frå "grav" I og sjå om det kunne vera ein samanheng mellom dei.

Funna frå sjakta såg ut å ha vore i sterk varme, glass (?) og slagg. Nivellementet på desse syner at mange av funna var å finne i lag 1 - som også her var omrota. Enkelte stader omrota ned i lag 2.

"GRAV" II:

"Grav" II-området byrja med steinsamlinga der 2 steinar stakk opp og var synleg (skisse 4). Sidan utivda vi til det vart ei lengd på 3 m og ei breidde på 2 m (skisse 6). Då kom det ei rekkje steinar tilsyne.

I lag 2, der det nordvestre hjørnet er omrota, kom det fram eit klart avgrensa område med kol og skjørbrente steinar og brente bein (skisse 6). Steinsamlinga låg i lag 2, ingen steinar gjekk ned i lag 3.

Lag 3 inneholdt ardspar, noe ein blei merksam på grunnet dei vi fann på Osen, Gaular. Ein brukar ordet mulige, då ardspara var svake, og fortona seg som knapt ein fargenyanse (rotgangar?).

Ved "Grav" II var det tydlege overganger/nedskjeringar (skisse 8). Nedgraving i lag 3 der det kunne vera både brannflak og ildstad. Slik

det fortøna seg her med steinsamling i lag 2 og med ulike kulturspor i lag 3 - kan ein snakke om fleire bruksfaser over tid.

Tida vi hadde til disposisjon på slutten, gjorde den siste dagen til forkava. Det er nok ein av grunnane til at det vart lite skrivne data frå "Grav" II-området, eit område som nok er like interessant som "Grav" I.

Konklusjon:

Opprinneleg har nok "grava" ("Grav" I) lege parallelt med ferdslevegen, altså i retning SO-NV. Slik området såg ut då vi kom, med den høgreste kantsteinen med mykje stein nedføre, og sidan den liggande hella som var orientert N-S, gjorde at vi måtte utvida feltet mot aust innover flata.

Sjølv om gravemaskinar o.l. har omrota mykje, har nok "grava" vore "rota til" før dette. Ein kan tenkja seg den liggande hella som dekkhelle over branngropa med dei brente beina. Den har då opprinneleg lege i meir austleg retning.

Området var i og for seg urørt i sør og aust, men mykje mangla for å kunne kalla det heile for ei hellekiste. Ei skikkeleg steinsetjing mangla til dømes heilt.

Tek ein føre seg branngropa, kan det kanskje ha vore eit lite kammer nedi den, med sidesteinar og kantstein. 2 flate sidesteinar låg no heilt oppe i gropa i eit høgare nivå enn den hella som dekk mesteparten av beinsamlinga.

Dei ulike nivellementa kan tyde på bruk til ulik tid (også funna) - botn på kokegropa låg til dømes i same høgd som toppen på det askegrå laget.

Om området rundt "Grav" I er nedskore er uråd å seie, men det er markert at funna ved "Grav" I ligg djupare enn funna i sjakta og i området rundt "Grav" II. Riktignok såg det ut ved "Grav" II som om terrenget skrådde mot kanten av flata, slik at det kan vera påført masse rundt "Grav" I.

Slagg og sterkt brent glass? - kva kan slike ting tyde på?. Det vart jo også funne slagg i sjølve "Grav" I-området (niv. 177) under liggande helle. Kanskje har flata hatt mange ulike funksjonar, gjerne over tid, buplass, gravplass m.m. - noko evt. ardsplor, slagg o.s.v. tyder på. Gjennom ei vidare utgraving av området burde ein finna ut endå meir.

22/12-82

Ørn Kristiansen

Ørn Kristiansen


Funnliste:

Alle funna er nivellert. Dei funna som vart gjort i sjakta, er notert som funne i sjakta, sjølv om funna låg innafør det området som seinare vart utvida til "Grav" II. Dei 14 første funna er plotta inn på ei "skisse" - dei resterande funna er frå "Grav" II-området - unnateke funn 16 med 4 posar brente bein frå "Grav" I. Funna frå "Grav" II-området kom fram siste dagen - ein dag som vart svært så hektisk på alle måtar.

- Funn 1. Brennte bein vest for nordspissen av høgstilt hellestein. "Grav" I. Niv: 188.
- Funn 2. Slagg? Funne i sjakt ca. 300 cm frå feltkant. Niv: 153.
- Funn 3. Jarnslag. Funne i sjakt ca. 350 cm frå høgreist hellestein. Niv: 169.
- Funn 4. Jarnslag. Funne i sjakt ca. 420 cm frå høgreist hellestein. Niv: 142.
- Funn 5. Brennte bein. Frå under liggande helle "Grav" I. Niv: 176.
- Funn 6. Slagg? Frå sjakt, ca. 410 cm frå høgreist hellestein. Niv: 143.
- Funn 7. Slagg. Frå under liggande helle "Grav" I. Niv: 177.
- Funn 8. Keramikkskår, 30 cm vest for høgreist hellestein i omrøta område. "Grav" I. Niv: 204.
- Funn 9. Brent leire på slagg? 20 cm aust for liggande helle i urørd område. "Grav" I. Niv: 204.
- Funn 10. Brennte bein. Aust for liggande helle "Grav" I. Niv: 187.
- Funn 11. Jarnslag. Ca. 35 cm nordvest for liggande helle. "Grav" I. Niv: 187.
- Funn 12. 2 bitar (som passar saman), hardt varmbrent slagg? Om lag 50 cm søraust for høgreist hellestein. "Grav" I. Niv: 188.
- Funn 13. Jarnbit. Frå søraustlege del av kokegropa. "Grav" I. Niv: 193.
- Funn 14. Spannforma leirkarbit m/kamornamentikk. I kløft mellom 2 steinar vest for branngrup. "Grav" I.

- Funn 15. Leirklining. "Grav" II, austlege del. Niv: 153.
- Funn 16. Brannropa, "Grav" I. 4 posar brente bein frå eit 7 cm djupt lag. Niv: 226-232.
- Funn 17. Jarnbit, lag 2, "Grav" II. Niv: 159.
- Funn 18. Jarnbit + brente bein, lag 2, "Grav" II. Niv: 163.
- Funn 19. Jarnbit, lag 2, "Grav" II. Niv: 170.
- Funn 20. Leirklining? lag 2, "Grav" II. Niv: 170.
- Funn 21. Jarn? lag 2, "Grav" II. Niv: 161.
- Funn 22. Keramikkskår, lag 2, "Grav" II. Niv: 158.
- Funn 23. Keramikkskår, lag 2, "Grav" II. Niv: 161.
- Funn 24. Brente bein, brannflak, lag 2, "Grav" II. Niv: 159.
- Funn 25. Jarnbit, lag 2, "Grav" II.
- Samlepose m/lausfunn frå området opprota av maskiner (overflatefunn).
- Prøver:
- Jordprøve frå askegrått lag, "Grav" I. Niv: 207-209.
- Kolprøver:
- 1) Kolprøve frå kokegrop/sidevegg/midtparti. Niv: 199-201.
 - 2) Kolprøve frå kokegrop, botnnivå. Niv: 204.
 - 3) Kolprøve frå brannrop m/brente bein. Niv: 223-226. Rett over ansamling av brente bein.

- Funn 0 Bred hin 188
- * ① Glass ? 153
 - * ② Jernslag 189
 - * ③ Jernslag 192
 - * ④ Bred hin 196
 - * ⑤ Glass ? 193
 - * ⑥ Slagg 177
 - * ⑦ Keramikkend 201
 - * ⑧ Lave (glass) 187
 - * ⑨ Bred hin 187
 - * ⑩ Jernslag 207
 - * ⑪ Glass ? 188
 - * ⑫ Jern 193
 - * ⑬ Keramikkend



FOTOLISTE

 EIDE, GLOPPEN 8.⁶7-13.⁶7.1982.

- Bilde 1 (19) Utgravingsområdet, Grav I slik det såg ut før me byrja reinska opp. Svært mykje omrota som ein ser. Litt av nydyrkingsområdet i bakgrunnen. Frå Ø.
- Bilde 2 (20) Etter første store oppreinsking , der utgravingsområdet vart utvida grunna ei liggande 2 m lang helle som gjekk under ei kjemperot. Tatt frå NV.
- Bilde 3 (21) Steinane slik dei låg og som frå først av fekk oss til å tru at retninga på grava gjekk i Ø-V innover sjølve . Steinane er svært mykje omrota og somme av dei bær spor av Brøyt X2-spor. Tatt frå V.
- Bilde 4 (22) Same motiv, frå SV. Rota skaffa oss mange "tunge" stunder.
- Bilde 5 (23) Same motiv, frå SØ. Det oppreinska området til høgre for den liggande hella var det som verkeleg synte seg å gje oss overraskinger.
- Bilde 6 (24) Rota byrja minka då motorsaga kom. Tatt frå SV.
- Bilde 7 (25) Rota klamrer seg til sitt bytte. Tatt frå S.
- Bilde 8 (26) Kaulvegg i NV, tatt frå S. Her har Brøyt X2 herja med grabben sin. Alt er omrota. Lys aur går heilt opp i overflata. Midt i kantveggen si lengderetning kan òg sjåast eit klart skilje mellom eit lysare, porøst, øvre lag og eit mørkare, grått, meir kompakt undre lag.
- Bilde 9 (27) Grav I, frå Ø. Her ligg dei "faste" steinane att, medan dei andre er fjerna. Omrota område V for steinane. I framkant det grå laget.
- Bilde 10 (28) Grav I, tatt frå S. Her låg den 2 m lange hella og her forventta me sjølve grava, men den gang ei!
- Bilde 11 (29) Grav I i framkant, tatt frå SV. Utvida med sjakt inntil steinsamling (sidan grav II). Sjakta syner seg i bakkant.

- Bilde 12 (30) Grav I, tatt frå VNV. Tydeleg omrota ved steinane
- Bilde 13 (31) Tatt frå NØ ved enden av sjakta. Steinane i framkant er litt av Grav II. Her vart sjakta sidan utvida. Sjakta ga også funn.
- Bilde 14 (32) Omlag 70-100 cm SØ for den store høgreiste hella ved Grav I kom det fram ei klar bua kolstripa. Ingen funn. Tatt frå S.
- Bilde 15 (33) Bilde av kokegrop med skjørbrent stein. Funn av jarnbit i gropa. Kokegropa låg 50-60 cm Ø for den høgreiste hella.
- Bilde 16 (34) Frå kokegropa som no er utgravd. Tatt frå N.
- Bilde 17 (35) Kokegropa utgravd - tatt frå SV.
- Bilde 18 (36) Høgreist hellestein, tatt frå S. Ser tydeleg omrotinga utført av maskin. Det mørke området er urørt.
- Ny film.
- Bilde 19 (2) Oversikt over Grav II, tatt frå NØ. Utvida sjakter for å sjå om steinsamlinga kunne avgrensast.
- Bilde 20 (3) Same motiv tatt frå N. Sjakta til høgre på bildet
- Bilde 21 (4) Høgreist hellestein i bakgrunnen med "problemrøtene" i framkant. Tatt frå S.
- Bilde 22 (5) Området ved Grav I. I mellom dei 2 steinane i framkant vart det funne fragment av spannforma leirkar Kokegropa mellom helle og 2 steinar i framkant.
- Bilde 23 (6) Høgreist helle er fjerna ved Grav I. Brun jord har trengt ned i auren i lag med hella. Til høgre for kokegropa ser ein eit askegrått flak. Bak det askegrå flaket er det ei kolgrop. Det var i botn av gropa at store mengder brente bein vart funne. Tatt frå NV.
Ein er no nede på botnlaget (aur).
- Bilde 24 (7) Kokegropa i framkant. Askegrått flak bakom. Til venstre for det kolgrop. Frå Ø.


- Bilde 25 (8) Snitt gjennom askegrått flak (tatt ut jordprøve).
Hol som eg trur kan vera laga av dyr, eller
maskina har dradd røter opp. Høla var ikkje jord-
fylt. Frå Ø.
- Bilde 26 (9) Same motiv, men litt meir **over** motivet.
Tatt frå Ø.
- Bilde 27 (10) Kolgropa, frå Ø. Brente bein i botn.
- Bilde 28 (11) Frå kolgropa, tatt frå Ø. Knoklar og brente bein
til venstre. Til høgre ein stein. Også under
steinen låg det mykje bein.
- Bilde 29 (12) Steinane i Grav II er fjerna. Ardspor syner seg i
auren. Tatt frå S.
- Bilde 30 (13) Same motiv tatt frå ØSØ.
- Bilde 31 (14) Kolgropa ferdig utgravd. Tatt frå Ø.
- Bilde 32 (15) Same motiv tatt frå V.
- Bilde 33 (16) Frå Grav II. Eit lag som går ned i lag 3. Tyde-
leg nedskjæring. Frå S.
- Bilde 34 (17) Same motiv - nærbilde. Frå VSV.

Gnr. 76

Bnr. 2


Eide, Gloppen, Sogn & Fjordane

Utgraving av hellekiste under flatmark 8/6 - 12/6 - 82



Leica 2167: 19-20

1
Utgravningsområdet, Grav I slik det såg ut før me byrja renske opp. Ser mykje omvøla som ein ser. Litt av nydyrkingsområdet i bakgrunnen. Frå Ø.



2
Etter fyrste store opprensning, dette utgravningsområdet vert utvidet grunna ei liggande helle som gjekk under ei kjempest. Tatt frå N/V.


Eide, Gløppen

Lei ca 2167: 21-22



3

Steinene slik dei ligg og som frå førre av fekk oss til å tru at retninga på grave sjekk i Ø-V, innover sjøske brinken. Steinene er svært mykje omrota og somme av dei ber spor av grobrenn på "Brytten" som hadde rydda området. Tatt frå V.



4

Same motiv, frå SV. Rota skaffa oss mange "tunge" stundar.

Eide, Gloppen

Lica 2167: 23-24



5

Samme motiv fra SØ. Det opprinnelige området til høyre for den liggende hella var det som vertteleg syntte seg i glass overretningar.



6

Rota byrja minke da motorsaga kom.
Tatt fra SV.


Eide, Gloppen

Leica 2167: 25-26.



Rota klammersy til eit
lytte. Frå S.

7




8

Kantveg i NV, tatt frå SØ. Her har Brøyt x2 herja med grabben
sin. Etter omrota, lys aur går heilt opp i overflata. Midt i kantveggen si
lengderetning kan og sjåast eit klart skilje mellom eit lysare, porøst øvre
lag og eit mørkare, grovt, men kompakt undre lag.

4

Eide, Gloppen

Leica 2167: 27 - 28



9

Grov I, fra Ø.
Her ligg^{de} "faste"
steinane att medan
dei andre er fjerna.
Omrota område V
for steinane. I fram-
kant det groilaget.




10

Grov I, tatt fra Ø. Her laig den
2 m lange hella. og her forventta me
sjolve grova, men den gang ei!


Eide, Gloppen

Leica 2167: 29-30



Grav I i framkant, tatt fra SV.
Utvidning med sjakt inn til steinsanking
(sida "grav II") sjakta synes seg
i bakkant.

11




12


Grav I fra WV. Tydelig omrota ved steinane.

Eide, Gloppen

Leica 2167: 31-32



Tatt frai NO ved enden av
sjakta. Steinane i framkant er
litt av Grav II. Her vart sjakta
sidan utvida. Sjakta gav ogsa
funn.



14

Omtag 70-100 cm SØ for den høgreste hella ved Grav I.
Rom det fram ei klar, bra kolstripe. Ingen funn. Tatt frai S.


Eide, Gloppen

Leica 2167:33-34



Bilde av kokogrop med skjortbrent
stein. Funn av jernbit S. i gropa.
Kokogropa laig 50-60 cm Ø for den
nøgreiske hella.


15



16

Frå kokogropa somno er utgravd. Tall fra 11

GRAV I - for utgraving



Tegning 1.

Eide 76/2, Gloppen, Sogn & Fjordane
 Hellekiste under flat mark
 Plan 1 av 8
 Mål 1:20
 Fix 132
 Dato 8/6-82
 Siv K.


Grav I + sjaket + Grav II (der området
endå ikke er utvidet)

Skisse 2
liggende lulle fjerna

- a) Kolgrøp
- b) Kolgrøp (branngrøp)

Eide 76/2, Gloppen, Sogn & Fjordane
 Hillekiste under flat mark
 Plan 2 av 8
 Mål 1:20
 Fix 133
 Dato 9/6-82

Siw K.






SKISSE AV KOKEGROF GRAV I - 50 cm ϕ for kant-
stein (högrest helle).

Högreste nr: 194 S

198 N

Bunn Nr: 204




-  jernst
-  kullstein
-  steiner

Eide 76/2, Gleppe, Segen & Fjordane
Helikiste under flat mark
Plan 2a av 8
Må 1:5
Fik 133
Dato 9/6-82

Ø.R.

Lag 2/Lag 3 Grav I grovskive.



Spilet



Eide 76/2 Gjøppum, Sogn & Fjordane
Hellekiste under flat mark
Plan 2 b av 8
Mål 1:10
Fik 133
Dato 11/6-82.

J.K.

~~Hatt~~ gropp

Grav I - gravmarka.

Gloppen, Eide:



Fix 132

N

0

50

1 m




Rot

"Brende bein"



Stein



Eide 76/2, Gloppen, Sogn & Fjordane
 Hellekiste under flat mark
 Plan 3 av 8
 Mål 1:10
 Fix 132
 Dato 12/6-82


ØK.

Sjaktta.
Skisse #

GRAV II - for utvidelse av området.




STEDSAMLETT SJAKT



Eide 76/2, Gloppe, Sogn & Fjordane
Hellekiste under flat mark
Plan 4 av 8
Mål 1:20
Fix 132
Dato 11/6-82

Φ.K.



GRAV II.



Eide 76/2, Gloppen, Sogn & Fjordane
Hellekiste under flat mark, lag 2.
Plan 5 av 8
Mål 1:20
Fix 133
Dato 12/6-82

Siw. K.

GRAV II



Område & lag 2 er gravet ut
underkant av stein

Eide 7 1/2, Gloppen, Sogn & Fjordane
Hellekiste under flat mark.

Plan 6 av 8


Mål 1:20

Fix 133

Dato 12/6-82

Siw K

GRAV II




Eide 7 1/2, Gloppen, Sogn & Fjordane
 Hellekiste under flat mark
 Plan 7 av 8
 Mål 1:20
 Fix 133
 Dato 12/6-82

Siw K

EIDE - GLOPPEN

GRAV II

SKISSE 7: Nivå i underkant L2 - overflate L3 med mulige avslappet. Mot NØ - klar grense i den gule aren mot mørkere lag in i prof. + mulig grense til grav - her er mange kull og brunt ben i det mørke laget + F.nr. 6. Terenngt ser ut til å ha samband mot SV.



- Nedgravning i lag 3
 - rødt brunt sand, sten, mye kull
 - ildsted?

SKISSE 8

Eide 76/2, Gjøppan, Sogva Fjordane
 Hellekiste under flat mark
 Plan 8 av 8
 Mål 1:20
 Fir 133
 Dato 13/6-82

Siw K

Siv, Brn.



Eide

MADE IN U.S.A.



Brønne
Gull



stein samling, Kåtegrøp
MADE IN U.S.A.


Brønne site



Eide: note "bauta stein"

MADE IN U.S.A.

Brønne, Brønne



"bauta stein"

MADE IN U.S.A.

Burned Bones



Eide

MADE IN U.S.A.



Eide

MADE IN U.S.A.

Burned Bones



Eide

MADE IN U.S.A.

EIDE gnr.76:3, Gloppen.
Bilder fra utgravning i 1